

**Fra:** Daniel Almhjell <daalm@statsforvalteren.no>  
**Sendt:** tirsdag 22. februar 2022 13:43  
**Til:** Postmottak Alver; Laila Bjørge  
**Kopi:** Vatshelle, Øyvind  
**Emne:** RMP-tilskot til spreiing av husdyrgjødsel i vekstsesongen - elvemuslingsvassdrag - liste over føretak 2022 for Alver kommune  
**Vedlegg:** Alver kommune.xlsx

Til kommunar i Vestland med område prioritert for **RMP-tilskot til spreiing av husdyrgjødsel om våren og/eller i vekstsesongen** (nær prioriterte vassdrag med elvemusling).

Vi viser òg til e-post frå oss 31.1 ang nye område frå i år, kopi under.

Frå 2022 vil vi gjere denne ordninga endå meir målretta og enklare å søkje riktig på. Vi har difor brukt kart for å finne ut kva føretak som fyller kriteria for å kunne søke på tilskotet. Dei kan då søkje på alt areal dei disponerer; sjølv om det ligg langt unna det aktuelle vassdraget.

#### **Kriteria for å kunne søkje «tilskot til tidleggjødsling» for 2022 blir:**

Alle føretak som disponerer areal i prioritert område (nedbørsfelt elvemusling), og som anten har:

- mjølkeproduksjon frå ku
- eller har produksjon med storfe, gris eller fjørfe med omfang berekna til 15 gjødseldyreiningar (GDE) eller meir.
- Alt areal som dei aktuelle føretaka disponerer er grunnlag for utbetaling av tilskot, også areal *utanfor* prioritert / kartfesta område. Årsaka til dette er at krav om spreiling innan 10. august gjeld alt arealet til føretaket. Føretaka kan ikkje nødvendigvis få tilskot til alt areal dei disponerer, då det er tak på maks tal daa (no 250 daa), men det er med i grunnlaget.
- Informasjon om dyreslag og dyretal er henta får produksjonstilskot 2021. Ein må fylle kriteria i 2022 for å kunne søkje. Andre som fyller kriteria, men ikkje står på lista, kan òg søkje, til dømes dersom drift / omfang er endra sidan i fjar.
- Vi har teke utgangspunkt i alle som disponerer areal i nedbørsfelt for elvemusling, sjå [fylkesatlas, kartlag nedbørsfelt elvemusling](#). Dette inkluderer leigearreal så langt det let seg gjere, knytt til gnr/bnr.

**Vedlagt er liste over føretak som kan søkje i dykkar kommune.** Dette er til orientering, men òg i tilfelle de ser behov for å spørje / melde tilbake. I så fall ber vi om tilbakemelding helst innan fredag 4. februar. Vi vil publisere informasjon om tilskotsordninga på nettsida vår i løpet av ca. 1 veke. Lista viser føretak med driftssenter i dykkar kommune. I nokre tilfelle kan føretak disponere areal i anna kommune i prioritert område. Spør gjerne dersom de ønskjer meir informasjon.

[Lenke til omtale av ordninga slik den var i fjar](#). Då var det ikkje liste over føretak, men berre knytt til kart. Målet med denne spissainga av ordninga frå 2022 er at tilskotet skal gå til dei føretaka som har størst volum av gjødsel og dermed største utfordringar med å spreie gjødsla til gunstig tid og størst behov for å gjere endringar i drifta for å unngå haustgjødsling. Dette medfører at nokre føretak som kunne søkje tilskot i fjar ikkje kan søkje tilskot no. Samstundes vil ordninga bli meir aktuell for nokre føretak med stor drift som har store delar av arealet utanfor sjølve det prioriterte området. Vi håpar og at opplisting av aktuelle føretak skal redusere risiko for feilsøking og forenkle kommunen sitt arbeid med ordninga. I dei fleste elvemuslingsføretaka er det relativt få føretak som står for størstedelen av gjødselspreiing seinsommar / haust. Når vi definerer kva føretak som har aktuell drift, kan det òg vere enklare for kommunen med direkte informasjon og motivasjonsarbeid for denne frivillige tilskotsordninga. Dette er

framleis ei tilskotsordning under utprøving, og vi ønskjer å høyre erfaringar og få innspel. Elles er det òg slik at det kan vere behov for mange andre tiltak utover dette for å redusere næringsavrenning frå jordbruksareal knytt til bruk av husdyrgjødsel.

#### Tilskot til u gjødsla kantsone i eng

NB! For føretak i prioriterte område ved elvemuslingsvassdrag er det i tillegg mogleg å søkje tilskot til [U gjødsla kantsone i eng](#). Denne tilskotsordninga vil framleis vere knytt til kart og ikkje vere avgrensa til særskilte føretak. For områda som har vore med i ordninga tidlegare vil kartet vere identisk i år. For dei to nye områda i Sørelva i Etne og Mjåtveitvassdraget i Alver vil kartavgrensinga for «kantsonetilskotet» vere identisk med kart for nedbørsfelt elvemusling, som omtalt over. Eventuelle mindre presiseringar for tilskotsordninga for 2022 blir tilgjengeleg på nettsida om kort tid.

Helsing  
Øyvind Vatshelle og Daniel Almhjell

---

---

---

**Emne:** Regionale miljøtilskot i jordbruket - nye område - innspel innan 10.2

*Til kommunane i Vestland fylke, v/postmottak  
Ang landbruk, vasstiltaksarbeid og miljø.  
Tilsvarande e-post er sendt til vassområdekoordinatorane i fylket.*

Frå 2022 vil vi inkludere fleire område i regionalt miljøtilskot, tilskotsordninga [gjødselfri kantsone i eng](#). Ordninga er framleis under utprøving. Vi ønskjer difor å berre ta med ca. 10 nye område i år, prioritert ut frå landbruksforureining. Vi vil i tillegg inkludere resten av elvemuslingsvassdraga i fylket.

**Dersom de har innspel ber vi om at de sender dette innan 10. februar.**

Vi ønskjer innspel på:

- Er nokre av dei sju føreslegne områda mindre viktige å prioritere no
- Er det andre område som er viktigare å få med no
- Er det riktig namn på vassdrag / område og ok avgrensing av nedbørsfelt

Dette vil gjelde gjødsling i heile 2022. Føretaka kan søkje om tilskot i haust, etter gjennomført tiltak. Informasjon og rettleiding til føretaka er aktuelt før vårgjødslinga. Vi har høve til å finne kva føretak som er aktuelle og sende ut informasjon pr e-post eller sms i samråd med aktuelle kommunar.

#### PRIORITERT GRUNNA VASSKVALITET

Sjå vedlegg 1 med førebelse forslag frå oss (7 område), inkludert avmerking i kart. Meir detaljar i vedlegg 2. Det er rom for nokre få fleire område. Utgangspunkt for forslaga våre knytt til vasskvalitet har vore:

- vassførekommstar med stor grad av påverknad frå diffus avrenning jordbruk
- innspel vi fekk ved tilsvarande arbeid i 2019

- kor kommunane har foreslått «Kantsone mot vassdrag i eng» (kode MT348) i [tiltaksprogram for vassregionen 2022-2027](#), jmf [Vann-nett](#).

I denne omgangen har vi ikkje høve til å få med alle aktuelle lokalitetar, men må prioritere nokså hardt. Vi ønskjer ei viss geografisk fordeling, for å få erfaring frå ulike naturgitte tilhøve med ulikt landbruk og ulike sakshandsamarar for miljøtilskotet. Vi vil vurdere om det i tillegg er nokre vassdrag med sjøaure som kan ha ekstra nytte av gjødselsfrei kantsone. Vi har ikkje vurdert omsyn til drikkevatn og badevatin, men dette kan de ta med i tilbakemelding dersom aktuelt. For informasjon har vi òg lista opp dei områda som allereie er inkludert i RMP-ordninga.

#### PRIORITERT GRUNNA ELVEMUSLING

Vi ønskjer at alle vassdrag med elvemusling i Vestland fylke er inkludert i ordninga, og planlegg difor å ta med to ekstra område i RMP-ordninga frå 2022. Sjå vedlegg 1, samt oversikt over eksisterande elvemuslingsområde i vedlegg 2.

Med venleg helsing  
**Daniel Almhjell**  
rådgjevar



**Statsforvaltaren i Vestland**

Telefon: 55 57 21 50  
E-post: [daalm@statsforvalteren.no](mailto:daalm@statsforvalteren.no)  
Web: [www.statsforvaltaren.no/vl](http://www.statsforvaltaren.no/vl)